

Folkets talarstol stengt



Barmøy-talskvinne får ikkje snakke i kommunestyret

Hyttefelt: Det er i det lyse feltet at eigarane ønskjer å etablere Nerlid hyttegrend, noko folket på Barmøy ikkje ønskjer.

Vil ein snakke direkte til politikarane i Selje må ein passe på vedtekne tidsfristar.



Odd L. Drabløs
odd.drablos@fjt.no
telefon 971 54 896

Sjølv om Hanne Marie Utvær frå Barmøy ikkje får snakke til kommunestyret i Selje, lovar ordførar Helgesen at alle skal få vite kva folket på øya meiner om det planlagde hyttefeltet i Barmen.

Hanne Marie Utvær kunne ha blitt den tredje innbyggjaren i Selje kommune som gjorde seg nytte av retten til å snakke direkte til dei folkevalde i Selje kommune.

At ho ikkje slepp til på kommunestyret sin talarstol skuldast at spørsmålet kom litt seint til kommunen, og at ordførar Gunn R.V. Helgesen (KrF) alt hadde lagt opp til ein temadel i starten av møtet, då Utvær kontakta kommunen.

Dialog

Hanne Marie Utvær har send e-post til ordførar Helgesen der ho får fram kor viktig ho meiner det er å ha ein god dialog med eigne innbyggjarar når ein skal gjere store endringar i eit lokalsamfunn.

Utvær viser til at på grunn av at Selje har venta så lenge med å rullere arealplanar og kommuneplanar, så fører det til at ein kan kome i skade for å gjere vedtak som går utover eigne innbyggjarar.

Saka om hyttefeltet i Barmen er, etter Utvær sitt syn, eit godt døme på noko som kan bli ei sak som går utover innbyggjarane og at dette kunne vore unngått med dialog med dei som bur i lokalsamfunnet under utarbeiding av arealplanar.

Kanalar

Utvær viser til at manglande planarbeid har ført til at den einaste måten dei som bur på Barmøy no kan påverke prosessen er å kome

med fråsegn når planane vert lagt ut til offentleg etter-syn, men at dette ikkje har hatt noko å seie på dei resultatane som er kome så langt i saks-gangen.

Utvær fortel i e-posten til ordføraren at innbyggjarane på øya er uroa over kva konsekvensar ei storstilt utbygging av hytter kan få for dei:

«... Om kommunestyret på onsdag vedtek reguleringsplanen for Nerlid hyttegrend slik han ligg føre no, kjenner vi det som at toget ikkje ein gong har vore innom oss...», skriv Utvær, som viser til at Barmøy dei siste åra har tilflytting og ein jamn auke i folketalet på øya.

Utvær ønskjer derfor å nytte andre kanalar for få fram innbyggjarane på Barmøy sitt syn og at det å kunne få snakke direkte til kommunestyret er ein kanal ho øn-

skjer å gjere seg nytte av. Det får ho ikkje.

Brev

Ordførar Helgesen fortel at ho har vore i samtale med Hanne Marie Utvær, og sjølv om Utvær ikkje får sleppe til frå kommunestyret sin talarstol denne gongen, så lovar ordføraren at ingen av dei folkevalde skal trenge tvile på kva folket på Barmøy meiner.

– Eg har sagt at dersom vi får brevet før arbeidstida sin slutt på tysdag så skal dette delast ut til alle medlemmene i kommunestyret. Det vil også bli sett av nok til at politikarane skal få med seg innhaldet i brevet før vi handsamar saka, seier Helgesen.

– Er det ikkje så få spørsmål til kommunestyret i open time at det vert frykteleg strengt å nekte nokon å sleppe til?

– No er det fristar som skal hal-dast og så hadde eg lagt opp til ein temadel i starten av dette møtet. Eg har som sagt snakka med Ut-

vær og denne gongen ordnar vi det slik. Alle som sit i kommunestyret skal få vite kva folket på Barmøy meiner før dei røystar i saka om hyttefeltet, seier ordførar Gunn R.V. Helgesen.



Hanne Marie Utvær

STIFTINGA KRISESENTERET I SOGN OG FJORDANE

- Støtte og hjelp til kvinner utsett for psykisk/fysisk mishandling.
- Døgnoppe butilbod
- Du kan ta med barn på senteret.
- Gratis advokatteneste
- Råd og rettleiing på telefon eller dagbesøk

57 74 36 00

www.krisesenteret.sf.no

Marked/salg:	Telefon	Privat	Mobil	E-post
Mark.sjef Ståle Tennebo	57 84 90 21	57 85 46 88	906 20 862	staale.tennebo@fjt.no
Therese Sæbøe Strand	57 84 90 27		936 09 872	therese.strand@fjt.no
Nordfjordsamkøringa:	Telefon	Privat	Mobil	E-post nordfj@fjt.no
Ragnhild Marie Solheim	57 84 90 26		975 47 242	ragnhild.solheim@fjt.no
Therese Sæbøe Strand	57 84 90 27		936 09 872	therese.strand@fjt.no
Kontorleder:	Telefon	Privat	Mobil	E-post
Gerd Gangsøy	57 84 90 00		959 77 142	gerd.gangsoy@fjt.no

Abonnementspriser nov. 2008 - okt. 2009:

Kr. 415,- pr. kvartal (Sogn og Fjordane + Møre og Romsdal)
Kr. 430,- pr. kvartal (resten av landet)

Kr. 685,- pr. halvår (Sogn og Fjordane + Møre og Romsdal)
Kr. 715,- pr. halvår (resten av landet)

Kr. 1250,- pr. år (Sogn og Fjordane + Møre og Romsdal)
Kr. 1310,- pr. år (resten av landet)

Innleveringsfrister for annonser:

Mandagsavisen:
Rubrikkannonser (1 spaltere) fredag før kl. 10.00
Forretningsannonser torsdag før kl. 10.00

Onsdagsavisen:
Rubrikkannonser (1 spaltere) tirsdag før kl. 10.00
Forretningsannonser mandag før kl. 10.00

Fredagsavisen:
Rubrikkannonser (1 spaltere) torsdag før kl. 10.00
Forretningsannonser onsdag før kl. 10.00